

Inspel til høyring - avgift på landbasert vindkraft - referanse 2021/1129:

"For å lykkast med det «grøne skiftet» er det heilt avgjerande at det vert bygd ut meir fornybar energi i åra som kjem. Motstanden mot slik utbygging er betydeleg og det er derfor viktig at kommunane og innbyggjarane i kommunane opplever at dei får noko igjen for å stille naturen til disposisjon for dette. Kommunane må derfor få betre kompensert enn dei gjer i dag og dette må gjerast på ein slik måte at ikkje lønsomheten i dei ulike prosjekta vert forringa.

Fitjar kommune meiner at m.a. desse tiltaka må til for at kommunane skal få att som fortent for å setja av verdfullt areal for fornybar energiproduksjon:

Produksjonsavgifta på vindkraftproduksjon som skal gå til kommunane må aukast monaleg.

Naturressursskatt må innførast for vindkraft, men den må haldast utanom utjamninga i det kommunale inntektssystemet.

Kompensasjonsordningane som vert innført må forankrast i lovverk, slik at både kommunar og kraftprodusentar kan driva langsiktig planlegging og forvaltning."

Venleg helsing

Harald Rydland

Ordførar i Fitjar kommune

Tlf. 913 47 802

Gjermund Hagesæter

Kommunedirektør Fitjar kommune

Tlf 934 20 679